



Austrheim kommune  
Kommunehuset  
5943 AUSTRHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352  
Svein Kornerud, 5557 2027

## Samordna uttale med motsegn – 3. offentlege ettersyn - Austrheim - kommuneplan - arealdelen 2018 - 2028

Vi viser til brev av 19.10.2018 med melding om tredje gongs offentleg ettersyn av kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2018/2028. Vidare viser vi til brev av 22.12.2017 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om delegering av myndigheit til å samordne statlege motsegner til kommunale planar etter plan- og bygningslova. Denne samordna uttalen summerer dialogen mellom kommunen, Statens vegvesen og Fylkesmannen i perioden for tredje gongs offentlege ettersyn. Vidare refererer vi kortfatta frå møte den 19.12.2018, der det vert drøfta korleis kommunen kan kome vidare med planen på punkt der Fylkesmannen har vurdert mogeleg motstrid med statlege interesser i planlegginga.

### Bakgrunn

Kommuneplanen for Austrheim har no vore til 3. gongs offentleg ettersyn. Fylkesmannen hadde motsegn og vesentlege merknader til både 1. gongs og 2. gongs offentleg ettersyn, jf. samordna uttale frå Fylkesmannen datert 30.08.2016 og 25.04.2018. Motsegn og merknadar har gått på at planen på ein del områder ville stride mot nokre lovgjevne krav til utgreiing og planframstilling. Planen kunne òg få verknader for statlege interesser i planlegginga på ein slik måte at det var aktuelt for Fylkesmannen å fremje motsegn.

Kommunen har arbeidd vidare med planen, og har gjort mange forbetringar. Planskildringa og føresegn er oppdatert og dei fleste enkelområder som konkret har vore diskutert er endra i samsvar med konklusjonane i dialogmøtet etter andre gongs offentleg ettersyn. Det står att nokre tema som Fylkesmannen meiner Austrheim kommune framleis må jobbe med før kommuneplanen kan verte vedtatt.

### Samordning og kommunedialog

Fylkesmannen samordnar som nemnt ovanfor statlege uttaler til arealplanar, dersom statlege styresmakter har funne det aktuelt å fremje motsegn. Som del av denne samordninga er det tilrådd at Fylkesmannen drøftar dei aktuelle motsegnspunkta med kommunen som planstyresmakt, før Fylkesmannen tek endeleg stilling til om aktuelle motsegner skal avskjerast i ein samordna uttale. Dersom kommunen som planstyresmakt ønskjer ein slik utvida medverknad i høyringsfasen, kan kommunen utsetje Fylkesmannen sin frist for å gje uttale. I denne saka har samordninga handla om følgjande statlege interesser:



### Statens vegvesen

Statens vegvesen hadde to dialogpunkt til dialogmøtet. Men dei har opplyst at dei har vore i samtalar med Austrheim kommune under vegs og vorte samde om ei løysing på punkta. Statens vegvesen meinte difor at det ikkje var naudsynt at dei var med i møtet, men dei ønska at punkta deira vart lagt fram på møtet og tekne med i den samordna uttalen. Det blei ikkje anledning til å leggje punkta fram på møtet, men Fylkesmannen har i ettertid vurdert motsegnspunkta og har ikkje funne grunn til å avskjere motsegna. For ordens skuld tek vi dei difor med i samordna uttale og legg til grunn at dei er/ vert løyste, så nedanfor. Statens vegvesen har følgjande motsegnspunkt:

### Endring av føresegn om fritak frå plankrav

I dialogmøtet om Kaland skule og barnehageområde var det avklart at føresegn om fritak frå plankrav for 4 bueiningar i kommuneplanen skulle endrast for å sikre heilskapleg planlegging og at rekkefølgjekrav til bygging av gang- og sykkelveg vert tatt i samband med utbygging av Ekornsåta, B36. Dette er likevel førebels ikkje endra i planen som no ligg føre.

### *Løysing*

I telefonsamtale med Austrheim kommune, kom det fram at dei vil ta inn rekkefølgjekrav til bygging av gang- og sykkelveg i reguleringsplanen for Kaland skule og barnehage i staden for å endre føresegna om fritak frå plankrav i KPA. Det ligg førebels ikkje inne i reguleringsplan for skuleområdet. Statens vegvesen har formulert dette som ei motsegn til reguleringsplan for Kaland skule, og legg til grunn at det går gjennom der. Statens vegvesen kan derfor trekke motsegn knytt til fritak frå plankrav for 4 bueiningar som ligg i KPA.

### Byggjegrænse langs veg - Formuleringar i føresegnene

Statens vegvesen vurderer at føresegn § 1.4.1 om byggjegrænse langs veg må endrast.

### *Løysing*

I samtale med Austrheim kommune, kom det fram at det ved ein feil var gamal versjon av formuleringa av byggjegrænseføresegna som framleis ligg i KPA. Kommunen har forsikra at føresegna skal endrast i samsvar med Statens vegvesen sin uttale. Statens vegvesen kan dermed trekke si motsegn til dette når nye føresegner ligg føre.

### Dialogmøte

Møtet vart halde den 19.12.2018 i Statens hus.

Til stades frå Austrheim kommune

- Per Lerøy, ordførar
- Liv Løvik, rådmann
- Asbjørn Nagell Toft, avdelingsleiar
- Thomas Lindås, byggesakshandsamar/jurist

Frå Fylkesmannen

- Lars Sponheim, fylkesmann
- Kjell Kvingedal, avdelingsdirektør
- Egil Hauge, fagdirektør
- Svein Kornerud, fagdirektør
- Hege Brekke Hellesøe, seniorrådgjevar

Nedanfor gjev vi att kva tema som vart drøfta og konklusjonane som vart trekte for korleis kommunen i det vidare arbeidet sitt vil prøve å løyse dei aktuelle konfliktpunkta.



### Referat - dialogpunkt og konklusjonar frå møtet

Fylkesmannen ønska velkomen. Kommunen orienterte deretter om endringane i planen og korleis ein ser for seg å løyse dei delane av planen som Fylkesmannen har meint må rettast opp. Dei ulike dialogpunkta, grunngjevinga for desse vart gjennomgått.

Fylkesmannen si oppsummering og konklusjonar frå møtet:

#### Bustad - Vardetangen B40:

I dialogmøte til andre gongs ettersyn var dette konklusjonen om Vardetangen:

*«I område ved Vardetangen vart det semje om at kommunen kan byggje ut noko her, men då knytt til område B42 og delar av BA området. Dersom det er trong for det, kan Fylkesmannen akseptere at òg ein mindre, søre del B40 kan visast til bustadføre mål. Vi legg til grunn at det i så fall skjer etter ei grundig vurdering av verknadane når det gjeld landskap, naturmangfald og friluftsliv. Her er det særleg viktig å avgrensa området av omsyn til friluftslivet på Vardetangen. Området nærast sjøen i BA område har verdiar som bør takast vare på. Det skal settast som LNF- formål. Det var elles semje om at kommunen vil vurdere heilskapen i mellom ny og eksisterande plan-situasjon i området kring Vardetangen.»*

Kommunen har no redusert området noko og gjort ein ny KU-vurdering. Vi meiner at vi vart einig med kommunen om å ta ut eit større område enn det som er gjort. Den nye konsekvensutgreiinga kjem ut negativt på landskap, friluftsliv og samfunnsmessige tilhøve (satelittetablering av nye bustader). ROS-analysen viser (slik vi forstår det) også at området er vindutsett og økonomiske konsekvensar hamnar her i raud kategori.

Vi viser også til vår uttale til andre offentleg ettersyn der vi skreiv at deler av området er klassifisert som myr. Så vidt vi kjenner til er det ikkje gjennomført naturtypekartlegging her, men truleg kan myrane i dette område karakteriserast som kystnedbørsmyr som er ein trua naturtype som Norge har eit særleg forvaltings-ansvar for. I tillegg til direkte nedbygging av myr, vil areal som ikkje vert direkte råka, bli drenert ut og tørrlagde. Etter det vi kan sjå ligg det framleis myrområde i planområdet.

#### *Oppsummering/konklusjon*

Kommunen meiner dei no har tatt omsyn til verdiane i området i ny arrondering av B40. Det er også reguleringsplikt i området som kan ivareta vidare omsyn til landskap, friluftsliv, naturmangfald mm. Fylkesmannen trakk fram at om reguleringsplanen reiselivsverksemd Vardetangen vert realiser i tillegg til bustader i B40 ville dette vere veldig negativt for friluftsliv, landskap og strandsone. Det vart semje om at ny arrondering av B40 og BA er grei, men at omsynsone H910 på Vardetangen då skal erstattast med LNF-formål.

#### Naust og småbåthamner

På temaet naust og småbåthamn har kommunen følgd opp hovudpunkta i konklusjonane frå Dialogmøtet til andre offentleg ettersyn.

Til tredje gongs offentleg ettersyn er det kome nokon nye naustområde på plankartet. Vi veit ikkje kva vurderingar som ligg bak dette. Dei vi har sett, er to på Øksnes og eit på Krossøy.

#### *Oppsummering/konklusjon*



Dei nye områda vart diskutert. Det var semje om at dei kan liggje i planen, men må reduserast slik at dei ikkje legg opp til nye naust. Det skal vere naustområde for dei eksisterande nausta og ikkje opne for nye naust.

I samband med SB 20 vart det klart at kommunen ønska naust i dette området. Fylkesmannen meinte at dei nausta som er der i dag kan liggje i LNF-formål. Dette er eit område med store strandsoneverdiar som ikkje bør får naustformål.

#### Næringsområde – Øksnesmarka

Øksnesmarka ligg inne i dagens kommuneplan, vist med næringsføremål. Eldre planar som ikkje er realiserte, må likevel vurderast i høve til ny kunnskap og statlege føresetnader for arealforvaltninga. Området vart tatt ut til førstegongs ettersyn, men inn igjen til andre gongs ettersyn. Konsekvensutgreiinga var negativ og rådde til at område vart liggande som LNF-formål.

I dialogmøtet til andre gongs ettersyn kom det fram at kommunen i utgangspunktet ønskja å vurdere ei anna og avgrensa utstrekning på næringsarealet enn kva som ligg føre i planforslaget. Fylkesmannen signaliserte etter det at vi då ikkje tar stilling til planframlegget, før det ev. føreligg eit forslag som er i tråd med kommunen sitt eige ønske og ei konsekvensutgreiing for eit endra framlegg ligg føre. Samstundes vart det peika på at slik planframlegget for Øksnesmarka no ligg føre, finn Fylkesmannen det naudsynt å fremje motsegn.

Næringsområde i Øksnesmarka er no redusert noko i storleik og det er lagt til eit hamneformål i sjø. Den nye arronderinga er vurdert på ny i ei konsekvensutgreiing. Den nye konsekvensutgreiinga kjem i all hovudsak til same konklusjon som førre KU. Vi kan ikkje sjå at endringane i planforslaget endrar vår vurdering av næringsarealet. Vår vurdering til andre gongs ettersyn var:

*«Øksnes må klassifiserast som eit naturområde av nasjonal verdi. I alle fall delar av området inngår som kystlynghei som er ein sterkt trua (EN) og utvald naturtype etter naturmangfaldlova § 52. Reglane for utvald naturtype av naturmangfaldlova § 53 gjeld også førekomstar som ikkje endå er kartlagde og registrerte inn i naturbase.*

*Ut frå flyfoto og anna kartgrunnlag, kan det sjå ut til at det i tillegg kystlynghei er areal som kan klassifiserast som naturtype naturbeitemark (VU-sårbar). Typisk er det ein naturtype som inngår i mosaikken med kystlynghei, myr og våtmark. Det er ofte mange beitemarksoppar knytt til naturbeitemarkene. Mange av desse artane er trua. Det er stort potensiale for slike naturverdiar i planområdet.*

*Det gjeld også den trua naturtypen kystnedbørsmyr og/eller rikmyr (EN) som er ein del av denne mosaikken. Det meste av myr i Europa er drenert og øydelagt. Det er i Noreg vi har dei fleste intakte førekomstane og dermed dei mest verdifulle nedbørsmyrane. Såleis har vi eit særleg forvaltingsansvar for naturtypen. Dei siste åra har regjeringa også satt av ressursar til å restaurere myrar som allereie er drenerte både i eit klimaperspektiv og for å betra levekåra for artsmangfaldet. Ein stor del av myrområda i låglandet i Norge er allereie drenerte og øyde-lagde. Såleis vert det også i dette perspektivet særleg viktig å ta vare på variert mosaikk med trua natur representativt for kystnaturen i Austrheim og Nordhordland.*

*Det er i løpet av 2016 og 2017 gjort fleire funn av den sterkt trua (EN) sommarfuglen breibandpraktvikkjar innanfor planområdet. Arten er svært sjaldan på Vestlandet og er knytt til lynghei og planta kusymre hjå oss. Basert på artsfunn registrert i Artskart er det mykje som tydar på at planområdet utgjør eit*



*tyngdepunkt for utbreiinga i Norge. Området er ein av to registrerte førekomstlar i Hordaland og den nordlegaste for arten i Norge. Fordi breibandpraktviklaren er sterkt trua og Øksnesmarka er ein særleg viktig levestad for arten, vert førekomstane her særleg viktige om vi skal nå forvaltingsmålet om å sikre arten på lang sikt i Norge jf. naturmangfaldlova § 5 om forvaltingsmål for artar.*

*Konsekvensen av ei utbygging av næringsområdet på den sterkt trua breibandpraktviklaren og sannsynlege førekomstlar av dei trua naturtypane kystlynghei, kystmyr og naturbeitemark, vil vere ei øydelegging av desse nasjonalt viktige naturkvalitetane.»*

Det er mange nasjonale omsyn som gjer seg gjeldande på tema som naturmangfald, friluftsliv og strandsone. I eit regionalt perspektiv er behovet for eit næringsareal her lite dokumentert jf. KU.

#### *Oppsummering/konklusjon*

Kommune meinte det var veldig viktig for kommunen at området vert liggjande som næringsareal. Fylkesmannen har forståing for dette, men er klar på at det er viktige nasjonale interesser i området. Dette gjeld særleg naturmangfald, og særleg den sterk trua breibandpraktviklaren. Fylkesmannen var klar på at ein ikkje kan nytta området på ein slik måte at arten ikkje overlever i Øksnesmarka. Det var semje om at det må ytterlegare utgreiingar til før ein eventuelt kan nytte område til næring. Det vart diskutert om ein skulle krevje fleire utgreiingar før ein eventuelt kunne leggje ut område som næring i kommuneplanen eller om utgreiingskrava skulle leggjast til reguleringsplannivå. Det er noko problematisk å leggje ut eit næringsareal i kommuneplanen som ikkje fult ut er klarert og som ved vidare utgreiing kan visa seg og kome i for stor konflikt med naturmangfald i området. Dette kan skapa ein forventning om å få bygge. Det vart likevel konkludert med at ein kan gjere det på denne måten, etter eit sterkt ønske frå kommunen. Det må då leggjast inn eit føresegn i kommuneplanen som sikrar dette på ein god måte.

Forslag til føresegn:

*Næringsområdet Øksnesmarka er eit potensielt næringsområde som ikkje er tilstrekkeleg utgreidd til å kunne nyttast til utbygging. Før det kan gjevast løyve til å nytte området eller deler av området til formålet næring, må det utarbeidast reguleringsplan med utfyllande konsekvensutgreiing som grunnlag for vurdering av bruken av området. Konsekvensutgreiinga skal m.a. innehalde utgreiingar om naturmangfaldet der det inngår kystlynghei, naturbeitemark, kystnedbørsmyr og sommarfuglen breibandpraktviklar.*

#### LNF-spreidd

Kommunen har gjort endringar i nokre av LNF-spreidd områda. Kommunen har ikkje vurdert endringane på ein slik måte at det er synleg i plandokumenta, anna enn i sjølve kartet. I dialogmøte til andre gongs offentleg ettersyn var dette konklusjonen:

*«Det var semje om at kommunen skal sjå på desse områda på ny. Formålsgrensa må samsvare med byggegrensa mot sjø. I dei områda der byggegrensa er lagt nærare sjø enn 100-meter, må det utgreiast og grunnleggjast, slik at verknaden på strandsoneverdiene let seg vurdere. Kommunen må òg arbeide vidare med føresegnene til LNF-spreidd områda. Noko landbruksareal kan ligge i LNF-spreidd så lenge det er tydeleg i føresegn at det ikkje kan byggast på og heller ikkje delast opp på ein slik måte at medfører vesentlege driftsulempar for landbruket.»*

Endringar ved tredje gongs offentleg ettersyn:

- Formålsgrensa er retta opp nokre stader, slik at den samsvarer med byggegrense mot sjø. Andre stader ikkje. Eksemplar: SB 21 og SB 23.



- Byggjegrensa går fleire stader langt nærare sjøen enn 100-meter utan at verknaden på strandsoneverdiene vert vurdert. Eksempel: Område utan namn nord for Lerøyna, SB 23, SB 20, SB4 og SBN 10.
- Det ligg framleis mykje dyrka mark i LNF-spreidd. Nokre stader ser det ut til å ikkje kunne byggjast noko i områda pga. av at det meste/ alt er dyrka mark.

#### *Oppsummering/konklusjon*

- Fylkesmannen viste nokre eksempel på område der formålsgrensa ikkje er i samsvar med byggjegrensa. Det var semje om at kommunen må gå igjennom alle LNF-spreidd områda og rette opp formålsgrensa/byggjegrensa slik at dei samsvarer.
- Fylkesmannen viser nokre eksempel på at mange av LNF-spreidd områda framleis går heilt ned til sjøen, utan vurderingar. Vi oppfatta at det var semje om at kommunen må sjå på byggjegrensa i LNF-område på ny. Byggjegrensa kan ikkje vere 0 meter.
- Kommuneplanen har føresegn som skal sikre at det ikkje vert bygga på dyrka mark. Dette gjer at det ikkje er naudsynt å ta ut all dyrka mark frå LNF-spreidd områda. Det var likevel semje om å ta ut SBN9 må gå ut, då det i sin heilskap består av dyrka mark.

Kommunen ønska at Fylkesmannen skulle kome med heilt konkrete tilbakemeldingar på kva som var naudsynt å endre. Dette er eit omfattande arbeid og vi har, på grunn av svært stort arbeidspress for tida, ikkje moglegheit til å gjere det innan fristen for denne uttalen. Men vi stiller gjerne på møte med kommunen der vi konkret kan gå igjennom dei problematiske LNF-spreidd områda.

#### Langøyna

Det er uklart om reguleringsplan for Langøyna eller kommuneplanen vert vedtatt først. Det er difor viktig at det er samsvar mellom kommuneplanen og reguleringsplan for Langøyna.

#### Arealbruk i sjø - akvakultur

I vår uttale etter dialogmøtet til andre gongs offentleg ettersyn skrev vi:

*«Område for fortøyingar er ikkje tatt med i plankartet eller i føresegnene. Fylkesmannen meiner generelt at dette bør gjerast for å klargjere interessekonfliktar i område. Fleire av områda kjem til dømes i konflikt med naturtype større kamskjelførekomstar. Vi saknar også ei kortfatta skildring planen sitt tilhøve til rammer og retningslinjer som gjeld for forvaltninga av sjøområda og ein overordna KU som omtaler kva verknader planen kan få for miljø og samfunn. Vi rår til at planen vert oppjustert på desse punkta. Om planen vert endra på tema akvakultur, må Fylkesmannen vere høyringspart før planen kan godkjennast.*

#### *Oppsummering og konklusjon*

*Det vart semje om at kommunen tar inn ei generell vurdering av akvakultur som heilheit i fjordsystemet i planskildringa. Det vart drøfta om kommunen burde ta inn fortøyingane til akvakulturanlegga i planen. Kommunen klargjorde at fortøyingane er inne nokre stader, men at dei ikkje ønsker dette andre stader fordi det vil vere hemmande for andre viktige omsyn. Fylkesmannen tek dette til etterretning.»*

Kommunen har til tredje gongs offentleg ettersyn lagt inn ei skildring av arealbruken i sjø i planskildringa. Vi meiner det er bra at dette er lagt inn.

Kommunen har også tatt ut føresegn §3.2.5: «På lokalitet Trøvika, vest for Sevrøyna, skal det berre vere torskeoppdrett. Maks 1560MTB på denne lokaliteten». Denne er tatt ut. Vi er kritisk til at krav om at lokaliteten berre skal nyttast til oppdrett av torsk er teke ut. Vi meiner at konsekvensutgreiinga som er gjort ikkje tek høgde for endringane.



### *Oppsummering/konklusjon*

Vurdering av akvakultur i kommuneplanen vart diskutert. Det vart semje om at det skal vere reguleringsplikt på akvakulturområda. Reguleringskrav i AK-område er ei løysing som Fylkesmannen normalt meiner ikkje bør vere naudsynt, dersom kommuneplanen gjev tilstrekkeleg avklaring. Men vi ser at om det på lokaliteten Trøvika vert eit ønskje om oppdrett av laks i staden for torsk, må det eventuelt skje gjennom ein reguleringsplan med KU, for å sikre at utviklinga i fjordområdet er berekraftig. Det må leggjast inn gode føresegnar for dette i kommuneplanen.

Forslag til føresegn:

*Akvakulturlokaliteten Trøvika, vest for Sevrøyna, er utgreidd for bruk til torskeoppdrett. Dersom lokaliteten skal takast i bruk til anna oppdrett, er det krav om reguleringsplan med konsekvensutgreiing som grunnlag for å vurdere lokaliteten for slik oppdrett. I konsekvensutgreiinga skal inngå verknadene for heile det aktuelle fjordområdet, samla belastning, og at utviklinga innan det blir berekraftig.*

### Føresegnar

Kommunen har kome oss i møtet på fleire av våre merknader til føresegnene. Det står igjen nokre viktige punkt.

#### §1.1 og § 4.4.1 om gjeldande reguleringsplanar.

Kommunen har markert der det er vedtekne reguleringsplanar i dag. Det er reguleringsplanar som kommunen vil skal gjelde framleis, men dei skal supplerast med føresegnar i den nye kommuneplanen. Det er sagt i føresegna. Hovudprinsippet i pbl. § 1-5 andre ledd for tilfelle som dette, er at ny plan som ny kommuneplan supplerer og gir tillegg til eldre planar, medan formåla i dei eldre planane gjeld der dei er i samsvar med formålet i kommuneplanen. Reguleringsplanen vil då gi detaljane for formålet med tillegg og eventuell endring frå kommuneplanen der det er motstrid mellom dei.

Kommunen nyttar omsynssone H910 i plankartet for reguleringsplanar som framleis skal gjelda uendra, jf. pbl. § 11-8 f. Då skal ikkje noko i reguleringsplanane blir endra; dei skal vere akkurat som tidlegare. Omsynssona på plankartet er i motstrid med det som går fram av føresegna, og som vi forstår at kommunen ønskjer som resultat.

Der kommunen nyttar omsynssone H910 for at reguleringsplanane skal gjelda uendra, skal kommunen også sjå til at planane er i samsvar med nasjonale og regionale interesser jf. pbl. 11-8 f andre setning. Kommunen har laga ei liste i planskildringa på reguleringsplanar som skal vidareførast og skriv at dei har vurdert dei opp mot relevante omsyn. Vi kan ikkje sjå at dette er godt nok vurdert til å kunne nytte omsynsona.

Vi kan ikkje forstå anna enn at kommunen ønskjer det resultatet som følgjer av hovudregelen i pbl. § 1-5 andre ledd, sjå ovanfor. Kommunen skal då ikkje nytte omsynssona H910. Dersom ein meiner å nytte denne omsynssona, er det i strid med føresegna samstundes som det ikkje går fram at kommunen har gjort dei nødvendige vurderingane.

### *Oppsummering/konklusjon*

Det kan ikkje vere motstrid i planen og Fylkesmannen skal hjelpe kommunen med å finne ei god løysing på dette. Om det er mogleg utan at kommunen treng å endre plankartet. Fylkesmannen har no sett vidare på moglegheiter og kan ikkje sjå at det er mogleg å hindre motstrid utan å endre plankartet. Kommunen må ta bort omsynssona H910 og dei aktuelle områda må ha føremålsfarge i samsvar med føremåla i reguleringsplanane. Dersom det er ønskjeleg for kommunen å vise kvar det



er vedtekne reguleringsplanar, kan vi hjelpe til med å vurdere korleis det best kan visast, men omsynssone H910 er ikkje aktuell.

#### *§1.6.2 om byggjegrense mot sjø*

I føresegna står det: «Følgjande byggjegrense gjeld mot sjø for areal lagt ut til følgjande føremål så fram anna byggjegrense ikkje er vist i kommuneplankartet eller reguleringsplan:». Fylkesmannen meiner det må leggjast inn at dette gjeldt i eksisterande reguleringsplanar.

#### *§ 1.6.4 og § 1.6.5 om byggjegrense mot sjø og vassdrag*

I føresegna står det i § 1.6.4: «På uregulert bygd bustadeigedom og i område lagt ut til spreidd byggeområde gjeld ikkje byggjegranser mot sjø, vatn og vassdrag for følgjande tiltak:». I føresegn § 1.6.5 står det: «På uregulert bygd fritidseigedom gjeld ikkje byggjegranser mot sjø, vatn og vassdrag for følgjande tiltak:».

#### *Oppsummering/konklusjon*

Desse føresegnene vart ikkje diskutert konkret på møtet. Fylkesmannen meiner at pbl. ikkje opnar for å setje byggjegrensa til side. Vi viser til pbl. § 1-8 tredje ledd, der det står at byggjeforbodet i strandsona gjeld så langt ikkje anna byggjegrense er fastsett i kommuneplan eller reguleringsplan. Vi meiner difor at det berre er ny byggjegrense som kan regulere tiltak i 100-metersbeltet langs sjø.

#### *§ 1.6.7 om småbåthamn/bryggjer*

Føresegn § 1.6.7 a: «På sjøareal med direkte tilknytning til eksisterande bygningar (bustad, fritidsbustad eller naust) er arealføremålet i plankartet og føresegner om byggegrense mot sjø etter pbl. § 1-8, ikkje til hinder for utlegging av flytebryggje som fellesanlegg på inntil 15 m<sup>2</sup>, med maksimal breidde på 3 m der forholda ligg til rette for det og der omsynet til friluftsliv og ålmenta sin bruk av området ikkje vert råka.». Denne føresegna må takast ut. Ein slik føresegn vil føre til motstrid mellom kart og føresegn og det er ikkje mogleg å sjå verknaden av planen.

#### *Oppsummering/konklusjon*

Fylkesmannen meiner at denne føresegna er problematisk med tanke på verknaden for strandsoneverdiane og rår til at kommunen tek den ut. Om kommunen likevel ønskjer å behalde den, må Fylkesmannen få alle desse sakane på høyring.

### **Konklusjon**

Fylkesmannen oppfatta at det var semje om at kommunen skal følgje opp konklusjonane i møtet i samarbeid med Fylkesmannen. Fylkesmannen har framleis motsegn til planen, men kan trekke motsegna om konklusjonane i dialogmøtet vert følgt opp på ein god måte. Vegvesenet har også motsegn som må følgjast opp.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid (e.f.)  
assisterande fylkesmann

Egil Hauge  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*





Kopi til:

Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN  
Statens vegvesen Region vest Postboks 43 6861 LEIKANGER